

Ekte hussopp har inntatt Emigrantkyrkja



MÅ SKIFTAST: Det er lite motstand når Stein Ove Natland frå ISS plasserer kubeinet på tvers i ein av bjelkane under golvet i våpenhuset på Emigrantkyrkja.

RADØY: – Me aner enno ikkje omfanget. Skrekken er om skadane held fram rundt hjørnet og vidare inn i kyrkja, seier Edvard Knudsen frå ISS soppsanering.



Av Silje Sæterdal Bøyum
silje@strilen.no

Bjelkelaget i våpenhuset til Emigrantkyrkja på Sletta er vått, rote og angripe av ekte hussopp. Knudsen og kollega Stein Ove Natland starta måndag arbeidet med å finna ut omfanget av skadane.

– Dette skjer fordi vatn har komme til. Kvar det kjem frå, veit me enno ikkje, seier Natland.

Visste om vasskade

– Me oppdaga at det var vasskade i golvet i vår, men ville venta til over sesongen med å utbetra denne, seier Ida Dyrkorn Heierland, avdelingsleiar for Vestnorsk Utvandringscenter.

Det var då arbeidet med vass-

kaden tok til, at arbeidarane oppdaga massive soppangrep i våpenhuset. Ei synfaring med ISS stadfesta at det var snakk om ekte hussopp og straktiltak, i form av arbeidet som skjer denne veka, starta.

Vil hindra spreing

– Ekte hussopp er ein ganske ille sopp å få i hus, og me har sett i verk straktiltak. Det er viktig at me får bukt med den så snart som muleg, elles kan den spreia seg, seier Heierland.

Golvet i våpenhuset er frå starten på 1900-talet. Håpet er at så mykje som mogleg av dette kan reddast.

– Me vil ta vare på det som kan reddast, sprøyta dette for sopp og bruka det om att, seier ho.

Utsette bygg

Heierland er ikkje overraska over at vatn skaper problem.

– Det er ei utfordring å ta vare på desse gamle husa i eit vestlandsklima. Kyrkja vart jo flytta frå eit tørt klima på prærien i USA. Me må heile tida passa på desse husa for at dei ikkje skal få fuktskadar, seier ho.

I løpet av veka vil arbeidskarane frå ISS ta opp heile golvet i våpenhuset og løfta på veggbord på minst ein vegg for å finna ut av stoda.

– Heile golvet her ryk, men me skal ta vare på så mykje me kan. Det store spørsmålet er kvar fukta kjem frå, seier Knudsen.

Skadeomfanget avgjer

I løpet av veka håper Heierland å kjenna omfanget av skadane. Kva kostnaden vert for å utbetra skadane, veit ho naturleg nok ikkje enno.

– Det er kostbart å få ein slik type skade på slutten av året, men me håper me vil finna eventuelle midlar som trengs, dersom dei trengs, i næraste framtid. Me er avhengige av at kyrkja er oppe og går, for ein kan jo ikkje vita kva tid ein treng den til ein gravferd eller anna, seier ho.

Avlyser Vill-vest- kveld 14. november

Det vert ikkje Vill-vest temakveld i Emigrantkyrkja 14. november, som planlagt, men vill-vest temaet vil verta markert på biblioteka i regionen og gjennom ein teiknekonkurranse for skuleborn.

– Me håper å ha golvet på plass att så fort som mogleg, men i alle fall til fredag 21. desember. Då skal Venneforeininga ha julekonsert der Mari og Solveig syng jula inn. Det er ein flott tradisjon, der overskotet går til eit godt føremål, seier Heierland.



VASSKADE: Det har vore kjent sidan i vår at golvet er vasskada ved dørkarmen, men hussoppen vart oppdaga nyleg.



JAKTAR PÅ LEKKASJE: Stein Ove Natland frå ISS soppsanering losnar det nedste bordet av våpenhusveggen i jakta på kvar vatnet har kome seg inn. Svaret kjem i løpet av veka.